

Miljø, Teknisk, Næring

Kjetil Sveine
Lia
2686 LOM

Delegert vedtak

Vår ref
1255/2013/

Dykkar ref:

Saksbehandler
Sander Sælthun

Dato
04.03.2013

Saka gjeld: Løyve til snøskutertransport av ved og vedomn til Arve Marstein si hytte på Liafjellet, Ottadalen LVO – Kjetil Sveine

Saksopplysning:

Kjetil Sveine søker på vegne av Arve Marstein om løyve til å transportere ein ny vedomn og ved til Marstein si hytte ved Søre Storteppinge på Liafjellet, Ottadalen landskapsvernområde. På grunn av terreng- og snøtilhøve må transporten skje frå Åslie via Svartjørn, deretter over mot Lusdalen og opp til Søre Storteppinge. Sveine opplyser at det sannsynlegvis vil vere nødvendig med to, maksimalt tre turar for å gjennomføre transporten.

Kjetil Sveine har leigekjærarløyve for Liafjellet.

I verneforskriftene for Ottadalen landskapsvernområde § 3 finst følgjande heimel for løyve:

5. Motorferdsel

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- b) *Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.*

Jamfør også forvaltningsplan for Reinheimen, punkt 10.9.2.

Vurdering:

I verneforskrift for landskapsvernområdet er det heimel for løyve til transport av ved, materialar og varer til hytter. Snøskutertransport i avgrensa omfang vi normalt ikkje vere til skade for miljø- og naturverdiar når den blir gjennomført på ein omsynsfull måte.

Postadresse
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
E-post: post@lom.kommune.no

Besøksadresse
Midtgard
www.lom.kommune.no

Telefon
61217300

Bank
2085.07.00010
Org.nr
959377677



Søknaden er vurdert etter dei miljørettslege prinsipp i Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er godt. Med dei vilkår som blir sett er det ikkje sannsynleg at løyvet vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Liafjellet er viktig vinterbeiteområde for villreinsbestanden i Ottadalen nord villreinområde. Motorferdsel her må derfor haldast på eit minimum. Med dei vilkår som er sett i vedtaket blir samla belastning i området ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Snøskuter er i dei aller fleste tilfelle den mest effektive måten å gjennomføre nødvendig transport til veglause buer/ hytter i verneområdet.

Transporten blir til lite eller ingen ulempe for andre brukarinteresser, og er ikkje i konflikt med formålet med vernet eller med føresegner til kommunedelplan for motorferdsel i Lom kommune.

Vedtak med grunngjeving:

Kjetil Sveine får løyve til å transportere ved og vedomn med snøskuter til Arve Marstein si bu ved Søre Storteppe i Ottadalen landskapsvernområde. Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 3 turar frå Åslie til Arve Marstein si hytte ved Søre Storteppe.
- Transporten skal gjennomførast før 22. mars 2013.
- Køyting både i og utanfor verneområdet skal avgrensast til det strengt nødvendige, og all køyting skal skje på ein omsynsfull måte.
- Så langt som råd skal same køyrespor nyttast inn og ut av området. Det kan likevel avvikast frå trasé for å unngå forstyrring av villrein.
- Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyterute skal køyrar vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
- Det skal førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast kommunen innan 5. juni 2013.

SNO ved Per Olav Haugen (tlf. 97 05 72 13)/ oppsyn i Finndalen statsallmenning skal varslast om transporten på førehand, og vil gje nærare rettleiing om det må takast særlege omsyn til villreinen.

Løyve blir gjeve med heimel i planføresegner til kommunedelplan for motorferdsel i Lom kommune punkt 4.11 og verneforskrift for Ottadalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 b). Løyvet blir gjeve på bakgrunn av at transporten ikkje vil ikkje kome i konflikt med dei omsyn som kommunedelplanen eller verneforskriftene skal ivareta.

Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til Lom kommune.

Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing



Sander Sælthun

Kopi til:

Kontaktutvalet for Reinheimen	pr. e-post
Direktoratet for naturforvaltning	pr. e-post
Fylkesmannen i Oppland, Miljøvernavdelingen	pr. e-post
Finndalen Fjellstyre	pr. e-post
SNO v/ Per Olav Haugen	pr. e-post
Fjellospsyn Erling Dagsgard	pr. e-post
Villreinutvalet for Ottadalsområdet	pr. e-post
Villreinnemnda for Ottadalen	pr. e-post